

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 18.5.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 19/21. Søknad frå Steinbergdalshytta om tilskot til prosjektet «Mennesket og reinen»

### **Saksopplysning/vurdering**

Fjellstyret har motteke e-post frå Steinbergdalshytta v/Solveig Kvakestad med søknad om tilskot til eit prosjekt som ho har gått i gang med; «Mennesket og reinen.» Søknaden ligg ved. Dette er eit opplegg som har bakgrunn i regionalplanane for villrein for Nordfjella og Hardangervidda, der Miljødirektoratet har oppretta eit verdiskapingsprogram (Villreinfjellet som verdiskaper), delvis finansiert av direktoratet, delvis av lokale aktørar. I prosjektet inngår m.a. istransferering av steinselet Førarbui, slik at denne kan tilbydast som overnatningsstad til gjester som vil oppleva ei enkel, gammaldags jaktbu med overnatting i reinsskinnspas. Informasjon og historieformidling om rein, jakt og kulturminne er ein annan del av planen, og merking av nokre utvalde fangstminne den siste. Samla kostnad for prosjektet er rekna til kr 200.000. Av dette er det søkt om (og lovt) tilskot på 100.000 frå Miljødirektoratet, fjellstyret er søkt om 50.000, og innlagt eigendel er på 50.000. Søkjaren har muntleg presisert at det som fjellstyret er søkt om godt kan innehalda anna bidrag enn eit reinkronetilskot. Dette kan t.d. vera hjelp med stoff til informasjonsmateriell og til merking av utvalde fangstminne.

Eit område der fjellstyret kan bidra, er utarbeiding av kartmateriell med fangstminne (dyregraver og hellerar) inntekna. Her har oppsynet registrert det ein har kome over av slike i mange år. Ein del er i nærområda kring Stemmerdalen. Me har og digital kartkompetanse som kan vera til hjelp. Når ein skal velja ut stader med fangstminne som skal visast fram, er det sjølvsagt viktig at dette ikkje kjem i konflikt med rein og reinstrekk. Dette vert vareteke gjennom arbeidsmøte som er planlagt, med deltaking frå m.a. oppsynet og villreinnemnda v/sekretær.

Fjellstyret har vedteke eit budsjett som går i balanse, der det er sett av kr 10.000 til *Tilskot til allmennyttige føremål*. Det er utbetalt kr 7500 i tilskot så langt i år (til AJF). Eg vil likevel føreslå at det vert gjeve eit tilskot til prosjektet, og at fjellstyret bidreg med arbeidskraft til m.a. grunnlag for utarbeiding av infomateriell og merking av fangstminne.

### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret yter eit tilskot på kr 10.000 til Steinbergdalshytta sitt prosjekt «Mennesket og reinen.» I tillegg kan fjellstyret v/fjelloppsynet yta hjelp til å framskaffa grunnlagsdata, biletar o.a. til informasjonsmateriell og historieformidling, og stå for merking av fangstminne i felt. Samla verdi stipulert til kr 40.000. Tilskot og arbeidsinnsats utgjer til saman kr 50.000.

Fjellstyrekontoret, den 12.5.21

Harald Skjerdal

Hei

Steinbergdalshytta er som kjent blitt pilot i prosjektet Mennesket og reinen. Potensiale og planer er godkjent, og Miljødirektoratet yter 100 000 kr til istandsetting og innredning av Førarbui, produksjon av 6 stk reinskinnsposer og design av informasjon og historiefortelling. En forutsetning for tildelingen er imidlertid at vi også skaffer midler fra andre kilder.

På den bakgrunnen lurer jeg på om det er midler Fjellstyret kan avse for å bidra til prosjektet. Det mangler altså 50 000 kr for å få gjennomført.

I grove trekk ser budsjettet slik ut:

### Mennesket og reinen på Steinbergdalshytta

#### Budsjett

##### Utgifter

Design av informasjon og historieformidling inne	kr 50 000,00
Oppgradering og innredning av steinselet "Førarbui"	kr 75 000,00
produksjon av 6 stk reinskinnsposer	kr 25 000,00
Merking av turstier og utvalgte fangstminner	kr 50 000,00
sum	kr 200 000,00

##### Finansiering

Tilskudd fra miljødirektoratet (lovet)	kr 100 000,00
Tilskudd fra Aurland Fjellstyre	kr 50 000,00
Eget arbeid	kr 50 000,00
sum	kr 200 000,00

Håper på positivt svar.

Med vennlig hilsen *Solveig Kvakestad*

